

Til:

Arve A Haugland
Johannes Fjermestad
Linnea Håland
Martin R Hodne
Martin V Bjorland
Oskar Vigre
Pia Flåten
Serina Pollestad
Thomas Fossfjell Torland

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkivkode	Dato
	19/14673 TRHE	035 A20	24.04.2019

Referat elevrådet

Dato:28.03.2019

Desse møtte: Johannes, Oskar, Serina, Martin H, Linnea, Martin B, Pia, Arve og Ina. Studentane Jeannet, Atle og Sondre var og med som observatørar.

Forfall:Thomas

Saker:

Tilbakemelding på saker vi har arbeidd med før:

- Ballane vi har fått av FAU: trinna har gode rutinar for å ta vare på og passe på ballane. Pass på å merke godt, og merk på ny før skriftona går vekk.
- Popcornpoppar til bål: det har vi fått av FAU! Den kan brukast ute i skulegården og på tur. Minn gjerne dei vaksne om at vi har den, spør om det passar å ha den med når trinnet planlegg aktivitetar ute.

14/ 18/ 19: Aldersblanda kanonballturnering 4.- 7. trinn (og ATO for dei det passar for), fredag før påske: vi har fått pengar av FAU til å kjøpe saft og frukt til turneringa. De blir delte i aldersblanda lag, med ein lagleiar frå 7. trinn. Laget held saman heile dagen, bla når vi har fruktpause. Vi bruker pappglas og skriv på heile namnet, for og etternamn, så vi kan bruke glaset vårt på ny. Vi held mest fokus på å bli kjende og på å ha det gildt. Men det er turnering med sluttspel. Dommarane går gjennom reglane i lag for å sikre lik dømning. Lærarane på trinna får meir info etterkvart. Denne dagen bør alle ha på klede dei kan bevege seg i og gymsko.

15/ 18/ 19: Anna:

-Søppel ute: vi synst det er for mykje matsøppel og plastsøppel ute i skulegården. Spesielt etter skulefrukta. Det ser ekkelt ut med fruktrester på bakken og oppå glastaka. Det er og elevar som stapper kiwiskeiene av plast i steingarden. Vi synst folk bør skjerpe seg og bruke søppelkassene. Dei vaksne må og skjerpe seg og hugse rydding ute når trinna er oppsett på rydding.

- Ønske om bordtennisbord inne. Ina tar saka vidare.
- Ønske om volleyballnett til ballbingen. Kan brukes til volleyball, badminton, ett dabb (fotball) etc. Korleis er det i gymsalen, har vi stenger og nett der?
- Sand under den lille trampolina. Kan det tømmast?

Med helsing
Hå kommune

Ina E B Vigre
Elevrådet

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur